



Notat

Dato: 02.07.2018
Arkivsak: 2018/11459-2
Saksbehandlar: nilvetl

Til:	Fylkesdirektør kultur og idrett, fylkesdirektør opplæring, fylkesdirektør regional, fylkesdirektør samferdsel, fylkestannlegen, eignedomsdirektør, fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Frå:	Fylkesrådmannen

Årsbudsjett 2019 / Økonomiplan 2019 - 2022 - budsjetttrundskriv

. Årsbudsjett/økonomiplan

Fylkesutvalet drøfta i møte 21. juni 2018 sak om økonomiske rammer for perioden 2019–2022. I saka er det presentert framlegg til investeringsrammer fylkesrådmannen legg til grunn og overslag over totale driftsrammer i perioden.

Fylkesutvalet gjorde slikt:

«Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2019–2022 slik dei er skisserte i saka. Rammene vert å justere i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet viser vidare til at kostnadsauken i perioden overgår inntektsveksten ein kan rekne med. I det vidare budsjettarbeidet må det difor arbeidast med tiltak i alle sektorar som gjev varig reduserte kostnadar».

Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram budsjettforslaget 24. oktober. Forslaget skal handsamast av dei politiske utvala i november og på møte i fylkesutvalet 21.-22. november. Budsjettet og økonomiplanen vert vedtekne av fylkestinget på møtet i desember 2018.

2. Budsjetttrammer

I fylkesutvalssaka viser utrekningane at det for 2019 blir ein reduksjon i samla driftsrammer på 93 mill. kr i høve til budsjettet for 2018. I resten av økonomiplanperioden vert det rekna med ytterlegare reduksjon i driftsrammene.

Viktige årsaker til reduserte driftsrammer i økonomiplanperioden er lågare realvekst i rammetilskotet for fylkeskommunane enn rekna med tidlegare og auka kapitalutgifter. Årsakene til nedgang i driftsrammene er nærare omtalt i den nemnde fylkesutvalsaka.

3. Tekstdelen av budsjettheftet

Innleiingskapitlet

Fylkesrådmannen vil ha innleiing om dei samla utfordringane ein står overfor både i 2019 og i økonomiplanperioden. Viktige forslag og prioriteringar vert omtala og det vert utarbeidd korte samandrag av dei avdelingsvise budsjettforslaga.

På same måte som i budsjettet for 2018 vil fylkesrådmannen leggje vekt på å følgje opp regional planstrategi og verksemdsstrategien. Oversyn over planarbeid i fylkeskommunen vert omtala samla innleiingsvis. Samanhengen mellom hovudmåla i regional planstrategi og avdelingane sine målsetjingar skal omtalast her.

Fylkestinget har vedteke at det strategiske klimaarbeidet i fylkeskommunen skal styrkjast ved å integrere klimabudsjett i budsjettprosessen i fylkeskommunen. Målsetjingane i klimaplanen gjeld i første rekkje arbeidsfelt til eigedoms-, samferdsel- og regionalavdelinga. Fylkesrådmannen legg opp til ein samla omtale av fylkeskommunen sitt klimaarbeid og kva tiltak som vert foreslått gjennomført i komande budsjett og økonomiplan.

Driftsbudsjett komande år - avdelingsbudsjett

Kvart budsjettområde med omtale i budsjettpremissane til årsbudsjettet skal innehalde følgjande 6 punkt:

1. Utfordringar i økonomiplanperioden (0,5 side)
2. Innleiing med oversynstabell (1 side)
3. Mål og strategiar (1 side)
4. Prioriteringar i 2019 (1 side)
5. Folkehelseperspektivet (0,5 side)
6. Regionale planar og temaplanar (1 side)

Punkt 1) Fylkesrådmannen vil ved starten av kvart avdelingskapittel ha ein kort gjennomgang av utfordringane avdelinga står overfor fram til 2022 og kva tiltak som må til for å nå målsetjingane.

Punkt 2) Innleiinga med tabell skal fokusera på komande års budsjett samanlikna med året/åra før og vere på eit overordna nivå.

Punkt 3) Mål og strategiar gjeld omtale av avdelinga sine målsetjingar og kva målepunkt avdelinga har valt ut. Desse målepunkta skal følgjast opp i tertialrapportane gjennom budsjettåret. Måla skal setjast opp ved starten og slutten av økonomiplanperioden for å visa kva retning ein må gå for å nå målsetjingane.

Punkt 4) Prioriteringar i 2019 viser kva tiltak avdelingane har prioritert innanfor budsjetttramma og grunngjeving for dette.

Punkt 5) Folkehelseperspektivet – avdelingane sitt arbeid med folkehelse tema

I **punkt 6)** Regionale planar og temaplanar er oversyn over avdelinga sine planar, både vedtekne og planar under arbeid.

Det går fram ovanfor at dei seks punkta samla skal utgjere vel 5 sider pr. avdeling i budsjettdokumentet. Etter dei innleiande sidene/oversyna er det rom for utdjujing av avdelingsbudsjettet, men fylkesrådmannen ber om at budsjetteksten vert så kort som råd. Ein legg til grunn at hovudtiltak, forslag og viktige punkt er omhandla i punkta 1-6 ovanfor.

Driftsbudsjett økonomiplanperioden

Økonomiplandelen skal byggja på omtalane i dei avdelingsvise budsjetta, jf. delpunkt 1 i oppstillinga ovanfor, men vere meir utfyllande. Dei siste åra har det vore nytta for lite tid på økonomiplanarbeidet. Med dei store utfordringane fylkeskommunen står overfor, ber fylkesrådmannen om at denne delen av budsjettarbeidet vert prioritert. Det er naturleg å sjå på endringar i dei siste åra i perioden samanlikna med budsjettforslaget for 2019.

4. Løns- og prisføresetnader m.v.

Ved utrekning av rammene er det lagt til grunn 1,5% prisauke frå 2018 til 2019.

I budsjettforslaget for 2019 skal avdelingane ved utrekning av lønsbudsjettet leggja til grunn forventa lønsnivå pr. 1. januar 2019, dvs. at ein tek med lønstillegg som vert gitt i 2018. Ved utrekning av rammene har ein lagt til grunn at lønsnivået pr. 1. januar 2019 vil liggje 3 % over nivået pr. 1. januar 2018.

Avdelingane vil, som tidlegare år, få tilført budsjettmidlar gjennom året til å dekke lønstillegg som vert gitt i samband med lønstestingane i 2019.

Pensjonspremie vert rekna i prosent av fast løn. Arbeidsgjevar sin del av pensjonspremien skal budsjetterast med følgjande satsar:

Statens Pensjonskasse	13,25 %
KLP	14,00 %

Arbeidsgjevaravgift skal reknast av løn, inklusive arbeidsgjevar sin del av pensjonstilskotet. Satsen er 14,1 % i sone I. I sone II (Eidfjord, Fedje, Granvin, Jondal, Kvinnherad, Masfjorden, Odda, Tysnes, Ullensvang og Ulvik) er satsen 10,6 %.

Nedanfor er vist eksempel på utrekning av sosiale utgifter:

Fast løn	100,0
Pensjonspremie KLP 14,0 %	<u>14,0</u>
Delsum	114,0
Arbeidsgjevaravgift 14,1 %	<u>16,1</u>
Sum løn og sosiale utgifter	<u>130,1</u>

5. Sektorrammer

Budsjettrammene som kjem fram av tabellen nedanfor, skal leggest til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Tala viser netto driftsutgifter i 2019-prisar i 1 000 kroner avrunda til næraste mill. kr:

	0-vekst 2019	Endr. ramme	Ramme 2019
Politisk verksemd	30 082	2 000	32 000
Kontrollorgan	6 532		6 500
Fylkesrådmannen	23 195		23 000
Eigedomsavdelinga	282 129	-6 000	276 000
Økonomi- og organisasjonsavd.	188 566	-5 000	184 000
Regionalavdelinga	99 827	-2 000	98 000
Samferdsel	2 005 516	-35 000	1 970 000
Kultur og idrett	218 075	-2 000	216 000
Tannhelse	216 525	-5 000	212 000
Opplæring	2 654 089	-40 000	2 614 000
		-93 000	

6. Tidsfrist

Fristen for levering av avdelinga sitt budsjettforslag er 3. september 2018.